

BLYTTIA

NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT



1957

NR. 2

OSLO

Nils Hauge

Av

JOHANNES LID

Minneord på møtet i Norsk Botanisk Forening i Oslo, 8. november 1956.

Nils Hauge døde i Oslo 23. april 1956, før han hadde fylt 44 år. Med han har foreningen mist ein av sine mest evnerike og aktive medlemmer. Han kom inn i foreningen i 1937, og har sidan vore med på dei fleste sommarutferdene våre. Her gjorde han seg snart sterkt gjeldande både ved sin botaniske innsats og ved sitt festlege og smittande humør. Dei to siste åra var han medlem av styret i foreningen.

Nils Hauge var fødd 3. oktober 1912 og voks opp i Onsøy. Han hadde godt å slekta på, han var av Hans Nielsen Hauge's slekt, og fornavna Hans og Nils har støtt gått att i slekta.

Etter lærareksamen på Elverum i 1935 kom han som lærar til Slevik skole i Onsøy. Mens han var lærar der, tok han i 1949 artium på engelsklina. Frå 19. august 1953 var han lærar ved Marienlyst skole i Oslo. På Marienlyst gjorde han eit banebrytande arbeid som biologilærer. Det er Nils Hauge å takka at denne skolen har vorte eit sentrum for biologiundervisningen i norsk folkeskole.

Nils Hauge hadde eit uvanleg godt lag med elevane sine. Han ofra mykje av si fritid på dei og vekte interessa hos dei. Det er ikkje for mykje sagt at dei elska og beundra han. Og det samme gjorde medlærarane hans.

Det var zoologi, men aller mest botanikk Nils Hauge var interessert i. På våre utferder la vi snart merke til hans skarpe blick og hans evne til å finna systematiske skillemerke. Han gjorde mange gode plantefunn, først i Onsøy, og sidan andre stader i Landet. I Onsøy oppdaga han dvergmarinøklen, *Botrychium simplex*, ein plante som ofte er berre nokre millimeter høg, og som berre er kjend eit par stader til her i landet.

Alt tidleg fekk han eit godt kjennskap til norsk flora. Ingen amatørbotanikar kjende dei hundre norske starrartene så godt som han, og han gjorde mange reiser for å granska dei på dei naturlege vekse-plassane. I 1949 kom han heilt til Aust-Finnmark. Frå desse turane